



Velkommen som meddommar i Gulating lagmannsrett!

27.11.2024



Kort om rettssystemet



Lagmannsretten

- Lagmannsretten er ankeinstans for tingretten
- Det er seks lagmannsrettar i Noreg. Dei dekkjer kvar sitt geografiske område (lagdømme)
- Gulating lagmannsrett dekkjer fylka Rogaland og Vestland
- Lagmannsretten blir leia av ein førstelagmann
- Dommarane blir kalla lagdommarar og lagmenn
- Lekdommarane deltek som **meddommarar**

Kort om Gulathing lagmannsrett

Forutan lokal i Bergen, ha me faste kontor i Stavanger og Haugesund.

Gulathing lagdøme er ankedomstol for:

- Sogn og Fjordane tingrett
- Hordaland tingrett
- Haugaland og Sunnhordland tingrett
- Sør-Rogaland tingrett
- 4 jordskifterettar i lagdømmet

Antal meddommarar i

- Rogaland fylke 438
- Vestland fylke 614

Tingrettane
i lagdømet



Meddommarane si eiga nettside

På nettsida finn du svar på mange spørsmål.

Klikk på [lenka](#) og gjer deg kjent med sidene.

Start gjerne [med filmen](#), og gå

vidare til områda nedanfor ➤



Spørsmål du får svar på:

- Kva er ein meddommar?
- Praktisk informasjon
- Kva skjer i retten
- Ulike typar meddommarar
- Aktørportalen for meddommtere
- Til arbeidsgivarar

A screenshot of the 'NORGES DOMSTOLER' website. The top navigation bar includes links for 'Finn domstol', 'I retten', 'Tjenester og skjema', and 'Om domstolene'. A search bar is also present. The main content area is titled 'Meddommar' and contains the following sections:

- Kva er ein meddommar?** (What is a mediator?)
- Praktisk informasjon** (Practical information)
- Ulike typar meddommarar** (Different types of mediators)
- Til arbeidsgivarar** (For employers)
- Aktørportalen for meddommtere** (Mediator portal)

Each section has a brief description and a blue button labeled 'Logg inn i Aktørportalen'.

Meddommar i straffesaker og sivile saker

Straffesaker

- Meddommarane deltek på lik line med fagdommarane
- Vurderer om tiltalte er skuldig og kva straffa skal bli
- Stemma til meddommarane tel like mykje som stemma til fagdommarane

Sivile saker

- I nokre sivile saker deltek meddommarar, til dømes i saker om overprøving av tvangsvedtak (tvistelova kap. 36). Lovtilvising
- Partane kan krevja at retten vert sett med meddommarar i sivile saker.

Illustrasjon frå tingrettan



Val av meddommarar

Kven kan veljast?

- Krava i domstolslova:
 - Ha fylt 21 år og vere under 70 år ved starten på valperioden
 - Snakke og forstå norsk, og elles vere personleg eigna til oppgåva
 - Ha stemmerett
 - Stå innført i folkeregisteret som busett i kommunen når valet blir gjennomført
 - Vere norsk eller nordisk statsborgar, eller ha stått registrert i folkeregisteret som busett i Noreg dei siste tre åra
 - Ikkje vere dømd for visse straffbare forhold
 - Ikkje vere under offentleg gjeldsforhandling, konkursbehandling eller i konkurskarantene
 - Lovtilvising: [Domstolloven 4de kapittel - Utvalg av meddommere](#)

Korleis blir meddommarar valde?

- Meddommarar blir valde av kommunestyret
 - To utval – eit for kvinner og eit for menn
 - Meddommarane i sakene blir trekte frå desse utvala

Du er valt for fire år, 2025-2028.



Kven kan bli friteken frå vera meddommar?

- Dei som har dårleg helse (dl. § 74)
- "Andre særlege grunnar«(dl. § 74)
- Har vore meddommar i to periodar tidligare (dl. § 74)
- Flytting frå kommunen, dersom ny bustadskommune ligg utanfor lagsoknet (dl. § 76)
- Oppfyller ikkje vilkåra for bli vald lenger

Søknad om permanent fritak frå utvalet sender du til kommunen du tilhører. Kommunen treff avgjerd. Domstolen kan berre frita ein dommar frå sak til sak.


Dl. § 76 – Når eit utvalsmedlem dør eller flyttar frå kommunen, skal administrasjonssjefen i kommunen slette vedkommande frå utvalet. Det same gjeld dersom vedkommande ikkje oppfyller vilkårar for å bli vald etter §§ 70-72.

Utvalsmedlem som flyttar til ein annen kommune i lagsoknet blir overført til lista i den nye kommunen.

Korleis blir meddommarar trekt ut?

Saksbehandlingssystemet til domstolen gjennomfører tilfeldig trekkjing.

Meddommarar møter i gjennomsnitt i ca. 2-3 saker pr. år.



Ulike typar straffesaker

	Strafferamme over 6 år	Strafferamme under 6 år
Fullstendig anke (bevisvurdering)	Meddommersak: 2 fagdommarar + 5 meddommarar	Meddommarsak: 2 fagdommarar + 5 meddommarar
Avgrensa anke (straffutmåling, saksbehandling etc.)	Meddommarsak: 2 fagdommarar + 5 med- dommarar	Fagdommarsak: 3 fagdommarar, ingen meddommarar

Aktørportalen for meddommarar


«Aktørportalen for meddommere» er ei digital løysing som skal gjere jobben som meddommar enklare. Her får du tilgang til saksdokument, oversikt over oppgåver, møter og fristar, og generell informasjon om saka.

Les meir og logg inn her: [Aktørportalen for meddommere \(domstol.no\)](https://www.domstol.no/aktorportalen)



Innkalling

- Innkallinga får du anten på SMS, e-post eller brev, avhengig av om du har oppretta brukar i Aktørportalen.
- Innkallinga blir send ut 6-8 veker før saka skal opp.
- Når du har fått innkalling, hugs å merka deg datoen og tidspunktet for når du skal møte.
- Varameddommarar skal ikkje møte, men må halde seg klar viss meddommar får forfall
- Oppmøte seinast 15 minutt før saka startar (gjerne før)
- Antrekk
 - Vanleg fint antrekk er greitt



Møteplikt og fritaksgrunnar

- Å vere meddommar er eit samfunnsansvar
- Møteplikta gjeld med mindre du har blitt friteke i kvar enkelt sak
- Krevjande arbeidssituasjon er ikkje gyldig fritaksgrunn
- Viss du vil bli friteken frå å komma må du sende skriftleg søknad til domstolen så snart du har fått innkallinga
- Fritakssøknaden skal innehalde ei stadfesting av fritaksgrunnen som vedlegg
 - Legeerklæring, erklæring frå arbeidsgiver eller liknande
- Retten vil ta stilling til om du har gyldig grunn
- Dersom du ikkje møter opp til rettsmøtet utan gyldig grunn, kan du få rettargangsbot

Er du inhabil?


Du er inhabil dersom du:

- er i nær slekt eller nær familie med partane eller nokon som deltek i saka
- sjølv har interesser i saka
- har tilknyting til partane eller saka som nokon trur kan påverke avgjerdene di
- er til dømes kollega, nabo, venn, eller har brukt forsvarar som advokat nyleg

Viss du trur du er inhabil -> meld frå til domstolen

Nokre gonger blir det ikkje oppdaga inhabilitet før du møter i retten -> retten kallar då inn varameddommar i staden for deg

Domstolen avgjer habilitetsspørsmålet




Meddomsrett – kva inneber det?

- Retten blir sett som meddomsrett i ordinære straffesaker der både skuld og straff skal avgjørest.
- I lagmannsretten deltek to fagdommarar og fem meddommarar.



Meddomsrett – illustrasjon og forklaring



Rettsmøte

- Kort møte i dommarrommet med fagdommar før saka startar
- Ankeforhandlinga startar
- Nye meddommarar må gi forsikring
- Fagdommar veit ikkje meir om saka enn meddommarane på førehand
- Dommarane må ikkje dømma på grunnlag av anna enn det som kjem fram i retten – sjå vekk frå det ein har fått vita på annan måte, til dømes gjennom media
- Meddommarane må ikkje ha kontakt med aktørane under saka eller før dom er avsagt
- Meddommarane har høve til å stille spørsmål til tiltalte og vitner
 - Spørsmåla må stillast så nøytralt som mogleg
 - Du må ikkje gi til kjenne ditt syn på saka i rettsmøtet
 - Er du i tvil om korleis spørsmål skal stillast, kan du skriva ein lapp til fagdommar om det du ønsker opplyst

Dette skjer i rettssalen (1/3)

— Rettssaka startar

- Når saka startar går fagdommaren (rettsleiaren) og meddommarane inn i rettssalen saman. Alle andre skal då reisa seg. Meddommarane tek plass på kvar si side av fagdommarane. Dommarane skal også forlate rettssalen samla.
- Retten vert sett
- Fagdommaren opnar og leiar forhandlingane. Han eller ho vil då presentera dei som er til stades og gå gjennom ein del formelle punkt.

— Formaning og forsikring

- Fagdommaren kjem til å spørje om du tidlegare har gitt forsikring som meddommar. Viss du ikkje har gjort det, skal du gi forsikring i starten av rettsmøtet. Før du gir forsikringa får du ei orientering (formaning) om dine plikter som meddommar av leiaren i retten, i rettssalen eller før forhandlingane startar.
- I domstollova står det at forsikringa ”at han saavel i denne sak som i alle fremtidige saker vil gi vel agt paa alt, som forhandles i retten, og at han vil dømme saaledes, som han vet sandest og rettest at være efter loven og sakens bevisligheter.”
- Dommaren les teksten og du skal svara: ”Det forsikrar eg.” Alle i rettssalen skal reise seg når forsikringa blir gitt.

Dette skjer i rettssalen (2/3)

- Når rettsmøtet startar får du tiltalevedtaket og bevisoppgåvene, og dessutan ark til å notera på. Du bestemmer sjølvsagt sjølv kor mykje du vil notera under rettsmøtet.
- Som meddommar kan du stilla spørsmål til den tiltalte eller vitne. Det skjer i så fall etter at dei andre aktørane er ferdige med spørsmåla sine. Fagdommaren spør ofte om du har spørsmål. Du treng ikkje kjenna noko press på å stilla spørsmål, men bør gjera det om du lurar på noko. Det er viktig at spørsmål ikkje blir stilt på ein måte som gjer at det kjem fram kva du som dommar meiner er utfallet av saka. Då kan du bli erklært inhabil.

— Ver nøytral!

- Også på andre måtar er det viktig at ingen kan oppfatta det som at du tek parti for nokon. Unngå derfor å komma i samtale med andre enn fagdommaren og andre meddommarar i pausar og før/etter rettsmøtet. Sjølv om de snakkar om fotball eller vêret kan det bli misforstått av andre.
- Derimot bør ein gjerne diskutera saka i pausar med dei andre dommarane i saka. Her kan dommarrom og kantine bli brukt for samtale om saka.
- Du ikkje diskutera saka privat.

Dette skjer i rettssalen (3/3)

— Drøfting i meddomsrett

- Når rettssaka i meddomsrett er avslutta set dommarane seg saman og drøftar saka. Kvar dommar har ei stemme både for skuld og straff. Leiaren i retten (fagdommaren) leier forhandlingane. Det er også fagdommaren som skriv utkast til dom. Dommarane treng ikkje vere samde, slik at det er mogleg å ta dissens. Fagdommaren skriv utkast til dissens. Rådslåinga (drøftinga) skjer for lukka dører, og du må ikkje fortelja andre kva som er sagt under rådslåinga.

— Personlege behov

- Viss det er eigne forhold (til dømes behov for å gå på eit bestemt klokkeslett, eller liknande) så må du gje beskjed til leiaren i retten om dette, helst i forkant.

[Les om kva som skjer i ei ankeforhandling/hovedforhandling steg for steg.](#)

Domskonferanse

Domskonferansen etter rettsmøtet. Same dag eller seinare.

- Når rettsmøtet er avslutta, set dommarane seg saman og drøftar saka. Leiaren i retten (fagdommaren) leier forhandlingane.
- Det er viktig at du i domskonferansen kjem med alle vurdingane dine og seier ifrå om du er i tvil.

Domstolen sender dommen til signering via Postens signeringsløsning: [Posten signering \(posten.no\)](https://www.posten.no)



Domsseiing

- Domsseiing i straffesaker
 - Dei fleste dommane blir sagt og forkjent digitalt – Digipost.
 - Domsseiing i rettsmøte er sjeldan.
 - Straffedommar skal som hovudregel bli sagt innan tre dagar.
- Frist for domsseiing i sivile saker
 - Fire veker
- Viss du veit at du skal på ferie eller ha liknande fråvær rett etter rettsmøtet, gi beskjed til dommaren.

Teieplikt og kontakt med media

I utgangspunktet er alle rettsmøter i straffesaker opne for publikum.

- Nokre gonger blir det kravd [lukka dører](#) i rettsmøtet.
Dommarane behandler kravet omgående og seier rettsavgjerd i rettsmøtet

Kontakt med media

- Meddommarar skal ikkje kommentera saker til media – verken under rettsmøta eller etterpå
- Det er lett å seie noko ein angrar på og som kan bli misbrukt
- Overlet media til retten/fagdommaren

Når har du teieplikt?

Du har teieplikt om det som kjem fram i rettsmøtet, og om det som kjem fram under domskonferansen.



Godtgjersle

- Når du har vore i retten, har du krav på godtgjersle og vil dessutan få dekka utgiftene du har hatt.
- Krav om godtgjersle og refusjon av reiseutgifter skal sendast inn elektronisk via Betalmeg eller DFØ-app.
- Du treng ein brukarkonto for å få tilgang til dei nemnde DFØ-løysingane. Slik går du fram for å skaffa dette:
 - Send e-post til drlpost@domstol.no med følgjande informasjon:
 - Namn
 - Fødselsdato
 - E-postadresse
 - Bankkontonummer
 - Saksnummer i rettssaka du er innkalla til
 - Etter å ha fått velkomst-e-post frå DFØ, kan du ta i bruk tenestene
- Dersom du krev tapt arbeidsforteneste, må du leggja ved ein attest frå arbeidsgivar om at du er trekt i løn. Finn skjema på domstol.no.

[Sjå informasjon om godtgjersle på domstol.no.](#)

[Sjå også kor mykje du har krav på.](#)

Nyttig å vite - oppsummering

- [Aktørportalen for meddommere \(domstol.no\)](#)
 - Lag deg bruker og få innkallingane dine der. Du kan kvittera for motteken innkalling, vurdera habilitet, og få tilgang til saksdokument før saka har starta. Løysinga sparer tid, både for deg som er meddommar og for domstolen.
- Du vil få innkalling i Aktørporten, alternativt e-post *eller ordinær post*.
- Hugs å merke deg tidspunktet for når du skal møta.
- Varameddommarar skal ikkje møta, men må vere tilgjengeleg hvis meddommar får forfall.
- Oppmøte seinast 15 minutt før saka startar (gjerne før).
- Domstolane har ikkje gjesteparkering, så offentleg parkering må nyttast.
- Antrekk – vanleg fint antrekk er greit.

Nyttige lenkjer for meddommarar

- Nettsida til Noregs domstolar: [Norges domstoler \(domstol.no\)](#)
- [Aktørportalen for meddommere \(domstol.no\)](#)
- [Informasjon om godtgjersle \(domstol.no\)](#)
- Informasjon om dei alminnelege domstolane: [De alminnelige domstolene \(domstol.no\)](#)
- Informasjon om jordskifterettane: [Jordskifterettene \(domstol.no\)](#)
- Informasjon om særdomstolar og andre organ: [Andre organ \(domstol.no\)](#)
- Domstolen sin nettstad: [Gulating lagmannsrett | Norges domstoler](#)

Spørsmål?

Kontakt oss

E-post: gulating.lagmannsrett@domstol.no

Telefon: 55 69 39 00